



GOL KOMMUNE

Arkivsaksnr.: 2023/1211-11
Saksbehandler: Svein Eide

Planstrategi for Gol kommune i perioden 2024-27- høyring

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Felles råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne	
	Utval for natur og næring	
	Utval for kultur og levekår	
	Formannskapet og Kommuneplanutvalet	

Innstilling frå kommunedirektøren

Planstrategi for Gol kommune i perioden 2024-27 blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i tråd med Plan og bygningslova §10-1. Høyringsperioden er 30 dagar.

Saksdokument

1. Formannskapet (Planutvalet) sak F35/23 den 24.08.23
2. Planstrategi 2020-23
3. Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030
4. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 av 20.06.23.
5. Brev frå Gol kommune- varsel om start av arbeidet med planstrategi, datert 07.09.23
6. Uttale- innspel frå DSB datert 08.09.23
7. Uttale- innspel frå NVE datert 16.10.23
8. Uttale- innspel frå Direktoratet for mineralforvaltning, datert 20.10.23
9. Uttale- innspel frå Mattilsynet, datert 17.10.23
10. Uttale- innspel frå Viken fylkeskommune, datert 20.10.23
11. Uttale- innspel frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken, datert 20.10.23
12. Folkehelsestatus Gol- rapport 2023
13. Oversikt reguleringsplanar fritidsbustader eldre enn 10 år
14. Planstrategi for Gol kommune 2024-27- høyringsutgåve datert 01.02.24

Vedlegg:

Saksdokument nr. 4-14

Saksopplysningar

Formannskapet (planutvalet) vedtok i sak F35/23 prosess- og tidsplan for arbeidet med kommunal planstrategi 2024-27.

Kommunestyret skal i tråd med §10-1 i plan- og bygningslova vedta kommunal planstrategi innan eit år etter konstituering. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av strategiske val knytt til samfunnsutvikling og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden på 4 år.

Kommunestyret **skal** i planstrategien ta stilling til om kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Ein **kan** også ta stilling til om det er behov for å starte arbeid med nye arealplanar i valperioden eller om gjeldande planar bør reviderast. Det same gjeld for ulike kommunedelplanar og aktuelle sektor/temaplanar.

Arbeidet med planstrategien vart varsla i brev frå Gol kommune den 07.09.23. Det kom inn 6 uttaler/innspele til arbeidet. Det blir vist til saksdokument nr. 6-11. I forslag til strategidokument har ein teke omsyn til hovudtrekka og prioriterte tema i innspela. Ein del tema er også naturleg å ta med seg i vidare arbeid med dei konkrete plandokumenta. Høyringspartane vil også få høve til å kome med uttale til høyringsdokumentet. Kommunalsjef for Samfunn og utvikling har leia arbeidet i samarbeid med kommunedirektøren si leiargruppe og administrativt planforum. Gol kommune sitt forslag til planstrategi er basert på mellom anna kommuneplanens samfunnsdel, nasjonale forventningar og innspel til planarbeidet.

Hovudtema i strategidokumentet er drøfting av overordna dokument knytt til kommuneplan:

- Kommuneplanens samfunnsdel
- Kommuneplanens arealdel inkl. kommunedelplan Gol tettstad
- Overordna risikoanalyse (ROS) for Gol kommune.

I planstrategien har ein også valt tema som omhandlar andre arealplanar:

- Områdereguleringsplan for Gol tettstad vest
- Gjennomgang og revidering av eldre reguleringsplanar, også kalla «planvask»

Strategien tek utgangspunkt i fire hovudutfordringar:

- Folketalsutvikling- demografi
- Folkehelse
- Miljø og klima, klimatilpassing, natur og samfunnstryggleik
- Tettstadutvikling og samferdsel

For kvar utfordring har ein sett på utviklingstrekk, behov for planarbeid i perioden og tilknytning til FNs berekraftsmål.

Kommunal planstrategi er ikkje ein eigen plan, men eit verktøy for kommunen til å fastleggje det vidare planarbeidet. Planstrategien har inga direkte rettsverknad for verken kommunen eller private rettssubjekt. Det er såleis ikkje krav til planprogram.

Overordna plan

Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Økonomiske konsekvensar

Planprosessar er omfattande og krev relevant kompetanse. Kommunens planressurs på samfunnsplanlegging blir styrka i 2024. Det vil likevel være behov for å leige inn ekstern kompetanse ved større arealplanarbeid, mellom anna områderegulering Gol sentrum vest og planvask. Det må difor setjast av planmidlar til dette i budsjett- økonomiplan i perioden.

Arbeidet med ulike kommunedelplanar, tema og sektorplanar er lagt til tenesteområda som har ansvaret for det aktuelle området. Sektorane må sjølv definere sine ressursbehov undervegs i perioden.

Vurdering

Kommuneplan- samfunnsdelen:

Kommunen er i vekst og kommuneplanens samfunnsdelen frå 2018 bør reviderast i perioden. Hovudutfordringane er i stor grad framleis aktuelle, men det er behov for ei revidering med utgangspunkt i ny kunnskap om samfunnsutvikling generelt, demografi, nasjonale forventningar og nye utfordringar og moglegheiter som kommunen må vurdere i eit tidsperspektiv fram mot 2040. FN sine bærekraftsmål med indikator og nasjonale klima- og miljømål må knytast til drøfting av utfordringar, satsingsområde, mål, strategi og måloppnåing.

Samfunnsdelen skal legge føringar for ein langsiktig arealstrategi som grunnlag for overordna arealplanlegging. Kommunen er i gang med å utarbeide arealrekneskap. Naturrekneskap, klimarekneskap og arealnøytralitet er andre viktige stikkord som bør drøftast og takast stilling til. Dette er også tema av regional interesse.

Samfunnsdelen bør også drøfte Gol sin posisjon i ein regional utvikling og kva som skal til for at Hallingdal samla skal kunne yte tenester av god kvalitet i framtida. Det bør takast stilling til om kommunestruktur skal vere ein del av debatten.

Kommunen bør i framtida ha ambisjonar om å drøfte samfunnsdelen kvart fjerde år og i første del av valperioden. Dette vil skape engasjement og kommunestyret vil ha anledning til å justere retning og setje sitt preg på samfunnsutviklinga undervegs.

Revidering av samfunnsdelen bør;

- bygge på hovudstruktur/oppbygging av dagens samfunnsdel
- legge til grunn utfordringar og utviklingstrekk omtalt i planstrategien
- ha færre hovudmål, redusere og spisse strategiane
- ha ein klar og tydeleg arealstrategi
- legge til grunn berekraftsmål med indikatorar for å måle effektane.

Kommuneplan- arealdelen og planvask eldre reguleringsplanar:

Kommuneplanens arealdel og kommunedelplan Gol tettstad er under arbeid og vil bli sluttbehandla i denne valperioden. Overordna ROS for Gol blir revidert i perioden med bakgrunn i mellom anna erfaringane frå ekstremværet Hans i august 2023.

Planutvalet har i prosessen med revidering av kommuneplan sin arealdel valt å ikkje vurdere planvask av reguleringsplanar eldre enn 10 år. Slik gjennomgang er tenkt gjennomført fram til neste rullering av kommuneplan, dvs. om lag 10-12 år fram i tid. I planstrategien legg ein til grunn at kommunestyret uavhengig av pågåande kommuneplanprosess tek stilling til gjennomgang av reguleringsplanar eldre enn 10 år. Slik avklaring bør skje løpet av første halvdel av planperioden- medio 2025. Planvask med føringar for arbeidet må ha god politisk forankring.

Kommunedelplanar, sektor/temaplanar:

Planstrategien for 2020-23 er på fleire områder gjennomført i tråd med prioriteringane. Kommuneplanprosessane for arealdelen har teke lenger tid enn tenkt, og vil bli slutført i denne planperioden. Status for andre kommunedelplanar, fag- og temaplanane er ulike. Ein god del er fullført, andre er under arbeid og nokon er ikkje starta opp. Planstrategien for 2024-27 tek utgangspunkt i noverande status for dei ulike planane.

Kap. 8 i planstrategien viser oversikt over samla planverk og behov for revisjon. Forslag til planstrategi er ambisiøs, og det vil være ein utfordring å utarbeide og revidere alle planane som er skissert i planperioden. I planperioden bør ein difor ha ein kritisk gjennomgang av planbehovet og eventuelt slå saman og/eller redusere talet på fag- og temaplanar. Dette gjeld spesielt innanfor helse- og omsorgssektoren. I framtida bør ein prioritere og ha fokus på fag/temaplanar som har til hensikt å følgje opp kommuneplan- samfunnsdel og arealdel og som gjev grunnlag for tiltak i handlingsprogram og økonomiplan.

Planprosessar er omfattande og ressurskrevjande. Ressursbehova må vurderast konkret i budsjett- og økonomiplanarbeidet.